

## Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 29.05.2007, 17:00 - 19:00  
Møtestad: Helse Vest RHF, Stavanger

### Styremøtet var ope for publikum og presse

#### Deltakarar frå styret:

Oddvar Nilsen  
Leiar

Kari Oftedal Lima  
Nestleiar

Svein Andersen (på telefon)  
Medlem

Reidun Korsvoll  
Medlem

Helge Espelid  
Medlem

Magnar Lussand (på telefon)  
Medlem

Gisle Handeland  
Medlem

Ellen Solheim  
Medlem

Inger Hamborg  
Medlem

Gunvor Sunde (på telefon)  
Medlem

Aslaug Husa  
Medlem

#### Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Viseadministrerande direktør Helge E. Bryne  
Fagdirektør Odd Søreide  
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen  
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal  
Konsernadvokat Ivar Eriksen  
Seniorrådgivar Torunn Nilsen (ref)

#### Saker:

---

B 053/07 Godkjenning av innkalling og dagsorden  
B 054/07 Val av nytt styre i Helse Stavanger HF

## **B 053/07 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Kommentarar:**

#### Følgjande styremedlemmer deltok på telefon:

Magnar Lussand, Gunvor Sunde og Svein Andersen

#### Lukking av møte:

Styreleiar orienterte om at styremøtet ville bli lukka under diskusjon om oppnemning av representantar til styret i Helse Stavanger HF.

#### Følgjande dokument var delt ut i møte:

- Notat frå NAVO, dagsett 29. mai – ”hovedavtalens system for drøftelser i konsern eller tilsvarende grupperinger”
- Oversikt over kandidatar til styret i Helse Stavanger HF (innmeldt frå kommunar og fylkeskommunar)

### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **B 054/07 Val av nytt styre i Helse Stavanger HF**

### **Kommentarar:**

I føretaksmøtet i Helse Stavanger HF den 6. april 2006 blei følgjande personar oppnemnde som representantar til styret i Helse Stavanger HF med verknad frå same dato:

Steinar Olsen, styreleiar  
Odd Arild Kvaløy, nestleiar  
Bitten Fugelsnes, styremedlem  
Christine Sagen Helgø, styremedlem  
Ole Hetland, styremedlem  
Sigrid Helene Risa, styremedlem  
Helge Bryne, styremedlem

Samansettinga av styre var på førehand behandla av styret i Helse Vest RHF i styremøte 23. mars 2006, sak 026/06 B.

Helseføretakslova set rammer for styra sitt ansvarsområde og arbeidsoppgåver. Samansetting og utnemning av føretaka sine styre er eit viktig eigarverkemiddel. Føretaka er etablerte som sjølvstendige rettssubjekt med ansvarlege styre. Det er Helse Vest RHF v/styret – i eigenskap av å vere eigar – som set saman og utnemner styra i dei underliggjande helseføretaka.

Administrasjonen oppsummerte hovudpunkta i utsendte notat frå advokatfirmaet ProJure og advokatfirmaet Thommessen, samt utdelt notat frå NAVO.

Hovudpunkta i advokatfirma ProJure sitt notat er at vedtak gjort av føretaksmøtet som har sitt utgangspunkt i gjennomføring av dei plikter føretaket har etter spesialisthelsetenestelova, representerar enkelvedtak i forhold til forvaltningslova, og at Helse Stavanger må reknast som part i denne saka. Saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak er ikkje følgde, og dette er ein feil som kan ha hatt innverknad på vedtaket sitt innhald. Vedtaket kan difor vere ugyldig. I tillegg vert det peikt på at vedtaket inneberer endringar og omstillingar i del av verksemda i Helse Stavanger som får betydning for dei tilsette si stilling. Dette kan innebere at det ligg føre brot på drøftingsplikta eller arbeidsmiljølova som igjen kan ha innverknad på gyldigheita for vedtaket.

Advokatfirma Thommessen konkluderar med at det ikkje er tvilsamt at dei føretaksrettslege spørsmåla i forholdet mellom det regionale helseføretaket og helseføretak fullt ut vert regulert

av helseføretakslova, og at det her ligg føre eit lovleg fatta vedtak. Forvaltningslova kjem berre inn på føretaka si verksemd i den utstrekning dei representerar offentleg myndigheitsutøving. Dei vedtak som er fatta er ikkje enkeltvedtak. Dei representerar ikkje myndigheitsutøving og gjeld ikkje rettar og pliktar til ein eller fleire bestemte personar. Følgjeleg er heller ikkje Helse Stavanger "part" i saka i forvaltningslova sin forstand.

Når det gjeld forholdet til arbeidsmiljølova sine regler, vert det konkludert med at det ikkje ligg føre endringar som utløysar informasjons- og drøftingsplikt. I den grad slik plikt ligg føre, vil denne kvila på det føretaket kor endringa eventuelt skal implementerast.

Med bakgrunn i tilhøva i Helse Stavanger og den situasjonen som no ligg føre, tilrådde styreleiar at det blir oppnemnd eit nytt styre for Helse Stavanger i samband med gjennomføringa av det ordinære føretaksmøtet for behandling av årsrekneskap mv onsdag 30. mai 2007.

Når det gjeld samansettinga av nytt styre, må eit fleirtal av dei eigaroppnemnde styremedlemmene velgjast blant dei 31 kandidatane som blei føreslått for den toårsperioden som ein no er inne i.

Styret var samde om at HFstyra må følgje opp loveleg fatta fleirtallsvedtak frå RHF-styret lojalt.

Styret var og samde om at ein god dialog mellom RHF-styret og HF-styra er avgjerande for å få til god samhandling i helseregionen.

Mindretalet ønskte å utsetje saka og gjennomføre eit oppklaringsmøte med Helse Stavanger HF sitt styre og Helse Vest RHF sitt styre.

#### **Administrerande direktør sitt forslag til vedtak:**

1. Dei eigaroppnemnde representantane til styret i Helse Stavanger HF, oppnemnde i føretaksmøte 6. april 2006, vert løyste frå verva sine.
2. Val av nytt styre for Helse Stavanger HF blir gjennomført på føretaksmøtet 30. mai 2007.
3. Følgjande personar skal oppnemnast som representantar til styret i Helse Stavanger HF med verknad frå 30. mai 2007:  
Styreleiar:  
Nestleiar:  
Styremedlem:  
Styremedlem:  
Styremedlem:  
Styremedlem:  
Styremedlem:

#### **Reidun Korsvoll sitt forslag til vedtak:**

Det skal kallast inn til eit oppklaringsmøte mellom styra i Helse Vest og Helse Stavanger så snart som råd.

#### **Vedtak (pkt 1 og pkt 2 mot 4 stemmer – Ellen Solheim, Svein Andersen, Reidun Korsvoll, Helge Espelid. pkt 3 mot ein stemme - Ellen Solheim):**

1. Dei eigaroppnemnde representantane til styret i Helse Stavanger HF, oppnemnde i føretaksmøte 6. april 2006, vert løyste frå verva sine.
2. Val av nytt styre for Helse Stavanger HF blir gjennomført på føretaksmøtet 30. mai 2007.
3. Følgjande personar skal oppnemnast som representantar til styret i Helse Stavanger HF med verknad frå 30. mai 2007:  
Styreleiar: Odd Arild Kvaløy  
Nestleiar: Oddbjørg A. Starrfelt  
Styremedlem: Jostein Eiane  
Styremedlem: Karen Irene Stangeland  
Styremedlem: Torunn Trøhaug

Styremedlem: Ole Hetland  
Styremedlem: Helge Bryne

### **Votering/sakshandsaming:**

Reidun Korsvoll sitt forslag til vedtak vart sett opp i mot pkt 1 og 2 i administrerande direktør sitt forslag til vedtak.

Reidun Korsvoll sitt forslag til vedtak fekk 4 stemmer: Ellen Solheim, Svein Andersen, Reidun Korsvoll, Helge Espelid.

7 stemte i mot: Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Gunnvor A Sunde, Inger Hamborg, Aslaug Husa.

Administrerande direktør sitt forslag til vedtak pkt 1 og 2 fekk 7 stemmer: Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Gunnvor A Sunde, Inger Hamborg, Aslaug Husa.

4 stemte i mot: Ellen Solheim, Svein Andersen, Reidun Korsvoll, Helge Espelid.

Møtet vart lukka under handsaming av punkt 3 i administrerande direktør sitt forslag til vedtak. Svein Andersen Gjeikk frå møtet før diskusjonen om kandidatar til styret i Helse Stavanger HF. Svein Andersen deltok ikkje i oppnemninga av nye medlemmer til styret i Helse Stavanger HF.

Administrerande direktør sitt forslag til vedtak pkt 3 fekk 9 stemmer: Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Gunnvor A Sunde, Inger Hamborg, Aslaug Husa, Helge Espelid, Reidun Korsvoll.

1 stemte i mot: Ellen Solheim.

## **Skriv og meldingar**

### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Notat frå Advokatfirma Thommessen til Helse Vest RHF, dagsett 29. mai 2007 – ” Nevrokirurgisk virksomhet i Helse Vest – Nærmere om de foretaksrettslige- og forvaltningsrettslige sider ved styrevedtak i Helse Vest RHF 23. mai 2007”
- Brev frå styreleiar i Helse Stavanger HF til Helse Vest v/styreleiar Oddvard Nilsen, dagsett 28. mai 2007 – ” Brudd på forvaltningsloven, arbeidsmiljøloven og hovudavtalen”
- Notat frå Advokatfirma ProJure til Helse Stavanger HF v/adm.dir. Gunnar Hall Skavoll – ”Notat vedrørende vedtak fattet i foretaksmøtet for Helse Stavanger HF 24.05.2007”
- Notat, dagsett 29. mai 2007 – ”Relasjonen mellom Helse Vest RHF og Helse Stavanger HF i nevrokirurgisaken”

### **Følgjande dokument var delt ut i møte:**

- Notat frå NAVO, dagsett 29. mai – ”hovedavtalens system for drøftelser i konsern eller tilsvarende grupperinger”
- Oversikt over kandidatar til styret i Helse Stavanger HF (innmeldt frå kommunar og fylkeskommunar)

Ref. Torunn Nilsen  
Stavanger, 29. mai 2007

---

Oddvard Nilsen  
Styreleiar

---

Kari Oftedal Lima  
Nestleiar

---

Svein Andersen

---

Reidun Korsvoll

---

Gisle Handeland

---

Ellen Solheim

---

Magnar Lussand

---

Gunnvor A. Sunde

---

Aslaug Husa

---

Inger F. Hamborg

---

Helge Espelid